

Rapport frå Prosjektet System for spesialsamlingar 2018-2019

BOB har i 2018-2019 gjennomført prosjektet System for spesialsamlingar i tråd med prosjektsøknad sendt til NB med ref #24f3dfd3. Formålet med prosjektet var å kartlegge eksisterande og framtidige behov til system for spesialsamlingar, samt utforske moglegheiter for formidling av den digitale kulturarven som er tilgjengeleg via nb.no.

ARBEIDSPAKKE 1 KONSEPTSKILDRING OG BEHOVSANALYSE

I arbeidet med å hente inn krav har me jobba saman med fagbibliotek, Nasjonalbiblioteket, organisasjonar, forskarar, frivillige og spesialbibliotekarar for å hente inn informasjon som grunnlag for skildringa av behova, og for å treffe dei ulike målgruppene som skal bruke systemet.

Prosjektgruppa starta med å kartlegge spesialsamlingane saman med Team for spesialsamlingar ved BOB. Som del av behovskartlegginga gjennomførte me også ein workshop med spesialbibliotekarane som jobbar med samlingane. I workshopen avdekkja me behov og ønsker knytt til systemet som eit praktiske arbeidsverktøy i det daglege arbeidet med samlingane. Funna inngår i brukarhistoriane.

Me undersøkte også korleis eksterne brukarar og frivillige kan bidra til katalogisering. I prosjektet samarbeida me med ein frivillig som katalogiserte salongorkestersamlingen til biblioteket. Frivillige og publikum/brukarar kan utgjera ein ressurs for biblioteket dersom systemet legg til rette for at eksterne kan laste opp materiale og hjelpe til med å gi informasjon og katalogisere objekta, gjennom td. crowdsourcing. Behova me oppdaga i piloten har gått inn i brukarhistoriane.

I prosjektet arrangerte me møte med digitaliseringseininga ved Byarkivet i Bergen og fekk omvising i Digitaliseringsfabrikken deira. Dei jobbar sjølv med eit transformasjonsprosjekt med fokus på arbeidsprosessar, effektivisering og teknologi. Byarkivet har gode system for handsaming av digitaliserte materiale på innsida av brannmuren, men saknar publiseringsløyising og moglegheit for formidling ut. Dei bruker to ulike system for handtering av filer (NAS) og metadata (Asta). Om desse hang betre saman det kunne gje moglegheit for digital formidling og tenester for brukarane.

I prosjektet intervjuja me Bjørn Enes, leiar i den frivillige organisasjonen Memoar, som held på med innsamling av munnleg intervju i videoformat. Videoane er ofte knytt til ulike tema som til dømes migrasjon, krig, sjøfart eller stadar, og vert katalogisert/tagga på ein spennande måte. Organisasjonen nyttar nye skybaserte tenester for lagring av råmateriale, visning og registrering/tagging av videomateriale, og for å publisere informasjon om og omtale av samlingane. Løysinga er innovativ og har svært låge kostnader i oppsett og drift, og viser korleis nye skytenester kan brukast for å bygge ein infrastruktur for spesialsamling som også inneheldt AV-materiale. Løysinga er også interessant sidan den står i er så annleis dei store dyre systema som er utvikla spesifikt for å handtere spesialsamlingar, men klarar likevel å ivareta funksjonaliteten. Biblioteket ønsker gjerne at innhaldet i den munnlege folkemannesamlinga skal bli tilgjengeleg for byens innbyggjarar gjennom biblioteket, og det byr på spennande integrasjonsutfordringar. Biblioteket og Memoar har også samarbeida om <http://www.memoarkonferansen.no/> ein årleg konferanse om minnesamling og munnleg historie som har foregått på biblioteket.

I prosjektet intervjuja me professor Arnulf Mattes, leiar for Senter for Griegforskning ved UiB, for å få innspel på behov som forskarar har til systemet. Ut frå funna i intervjuet laga me nye brukarhistoriar for å fange opp ønska. Me fekk innsyn i kva ressursar forskarane nyttar og kva utfordringar dei møter

på. Det er eit sterkt ønske at løysinga me har i dag blir betre, og også heng meir saman med andre system, og gjerne at det er mogeleg å finne objekt og dokument på tvers av institusjonar.

Prosjektet har hatt fleire møte med Universitetsbibliotek på UiB undervegs. UB har teknisk utviklingskompetanse og har rådgjeve oss om moglege løysingar og delt sine tankar om behov for framtidige løysingar. UB vurderer sjølv anskaffinga av system for spesialsamlingar. I prosjektperioden var BOB også med å arrangere konferansen [Spesialsamlingar i bibliotek](#) saman med UiB UB. Prosjektet vårt vart presentert på konferansen. Konferansen og tidlegare prosjekt støtta av NB gjer at me har eit godt utvikla nettverk bland institusjonar som arbeidar med spesialsamlingar.

Me har og hatt god kontakt med Universitetsbiblioteket ved NTNU som og held på med anskaffelsesprosess for nytt system. I januar 2020 deltok me på NTNU sin marknadsdialog med leverandørar for innovativ anskaffing og fekk nyttig informasjon om moglegheiter som finnast i marknaden.

I prosjektet kartla prosjektgruppa AV-materiale og gav innspel på behov for tjenester frå NB på dette i ei spørjeundersøkinga NB sendte ut. Eit av måla må vere at kombinasjonen av nye tenester frå NB og eit nytt system for spesialsamlingar skal kunne dekke alle medietypar og materiale biblioteket eig.

I prosjektet vitja me og NB i Mo i Rana og hadde møte med fagpersonar i NB som arbeidar med tenester som er relevant for system for spesialsamlingar. På møtet diskuterte med spesielt NB sitt arbeid med IIF og bruk av dette på nb.no. NB bruker Wordpress i bunn som publiseringsløysing, men har sjølv utvikla ein applikasjon med søk og framvising av dokumenta basert på kjende teknologiar og bibliotek. Applikasjonen henter data fra APlene til Oria, Hanske, og diverse databasar og konverterer til MODS (Metadata Object Description Schema) for å harmonisere data. Deretter blir data publisert som IIE-manifest, og kan brukast av nb.no eller andre IIF kompatible framvisarar. NB har sjølv utvikla ein dokumentframvisar, Mime, som bruker innhald frå NB sin IIF-server.

I Mo diskuterte me også nye RDA og Bibframe og eventuelle moglegheiter som kan vere interessante for spesialsamlingane. Katalogisering i RDA/MARC21 medfører ikkje store endringar, men enkelte nye felt som td. proveniens kan vera nyttige i arbeidet med spesialsamlingar. Bortsett frå det er det nok lovnaden om å betre å kunne uttrykke relasjonar i ny versjon av RDA som er viktig. NB utgjer ein ressurs og har bygd opp kompetanse på ein teknologi som me gjerne ønsker å dra nytte av...

ARBEIDSPAKKE 2: FORMIDLING

I prosjektet samarbeida me med Rothaugen ungdomsskule og Høgskulen på Vestlandet om eit læringsopplegg rundt 2. verdskrig. Våre bibliotekarar gav opplæring til studentar frå HVL i bruk av digitale ressursar bl.a frå NB. Studentane laga vidare læringsopplegg for elevane på ungdomsskulen, som ein del av eit større læringsprosjekt dei heldt på med. Det viste seg at det var vanskeleg for elevane å finne ressursar frå NB relatert til 2. verdskrig pga. av manglande metadata. Det var og lite interessant informasjon om objekta. Biblioteket samla difor ei rekke ressursar på ei nettside som tente som ein inngangsport for elevane (<https://bergenbibliotek.no/lokalhistorie/andre-verdenskrig-i-bergen>) I formidlingsopplegget gav me og studentane ei innføring i GIF som mogleg kreativt formidlingsverktøy, etter inspirasjon frå <https://giftup.net/>. GIF IT UP er ein årleg gif-skapings konkurranse for kreative gjenbruk av digitalisert kulturarv-materiale og er drive av [Europeana](#) i samarbeid med [Digital Public Library of America](#), [Digital NZ](#) og [Trove](#).

I samband med at det var 150 år sidan Edvard Grieg sin pianokonsert i a-moll ble fremført første gang lage prosjektet ein liten utstilling på nettsidene med materialet som finnes hos

Commented [FE1]: I februar 2020 deltok me..?

Commented [FE2R2]: I februar 2020 fekk me høve til å delta på NTNU sin marknadsdialog med leverandørar for innovativ anskaffing og fekk nyttig informasjon om moglegheiter som finnast i marknaden.

Nasjonalbiblioteket (nb.no), så alle lenker viser til NB sine sider (<https://bergenbibliotek.no/grieg/lyden-av-norge-fyller-150-ar>)

I arbeidet med utstillinga og samlesida for Rothaugen avdekka me kva funksjonalitet for utstillingar ein ønsker å ha i eit nytt system. Moglegheit til å legge inn innhald frå eksterne databasar er viktig, både for å kunne gjere søkbart, men også for å kunne formidle historia.

OPPSUMMERING

I møte med andre institusjonar og organisasjonar lærte me mykje om deira system og digitaliseringsutfordringar. Me står ovanfor dei same utfordringane og burde kunne finne felles løysingar. Som sluttbrukar er det frustrerande å måtte gå til mange databasar med ulike grensesnitt og funksjonalitet for å søke innan eit tema, t.d. Edvard Grieg. Ei løysing kan vere federert søk (resultat frå fleire databasar i same resultatsett) eller integrasjon på postnivå (t.d. lenke til eit objekt eller eit søk i ein annan database på ein post), eller bruk av lenkede data, eller i siste instans tilrettelagte oversikter over ulike samlingar ala portalar. Uansett er det ønskeleg med eit brukarvenleg søk og gode utforskingsmogelegheiter av objekta i spesialsamlingane.

I den vedlagte konseptskildringa finnast meir informasjon om IIIF. Vedlagt er og ein arkitekturskisse som er teikna i Archimate-standarden og viser korleis eit system for spesialsamlingar kan realiseres med brukarar, forretningsprosessar og applikasjonar. Vedlagt er og kravspesifikasjon med grunnleggande krav, brukarhistoriar og tekniske krav.

Gjennom prosjektet har me henta inn krav, behov og ønsker og dokumentert grunnlaget for eit framtidig system for bevaring, formidling og tilgjengeleggjering av kulturarv. Resultatet av arbeidspakke 1 i prosjektet er grunnlagsdokumenta som vil vere utgangspunkt for anten ei vidareutvikling av dagens løysing eller ein anskaffelsesprosess for eit system for spesialsamlingar. Dokumenta har verdi utover vårt eige påtenkte anbod, og vil delast med dei som har same eller liknande behov. At prosjektet konkluderer med same teknologival som både NB og fleire universitetsbibliotek på sikt kan sikre felles løysingar, som kan vere bra for vidare samarbeid, kompetansebygging og delt tilgjengeleggjering av dei digitale ressursane. Resultatet i arbeidspakke 2 var erfaringane frå formidlingstiltaka, og utfordringane ein møtte. Behov for kuratering og formidlingsfunksjonalitet vart og tatt med i brukarhistoriane. Måla i prosjektet vart nådd, og me takker Nasjonalbiblioteket for støtta.

Vedlegg:

- Grunnleggande krav, brukarhistorier og tekniske krav
- Konseptskildring
- Arkitekturskisse
- Presentasjon på konferansen Spesialsamlingar
- Prosjektrekneskap System for spesialsamlingar